

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:
Joplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
www.hivolda.no

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar	Vår dato
21/2697-1	21/01530-2	Johann Roppen, Johann.Roppen@hivolda.no	12.01.2022

Høyringsvar frå Høgskulen i Volda: Sektormål og rammeverk for utviklingsavtalar

Høgskulen i Volda takkar for høve til å kome med innspel til sektormål og rammeverk for utviklingsavtalar.

Generelt er Høgskulen i Volda samd i den overordna retninga i dette arbeidet med færre målepunkt og meir overordna styring. Vi er dermed også samde i grepet med å gå frå 4 til 3 overordna sektormål. Når det gjeld innhaldet i sektormåla er vi som ei regionalt basert institusjon glade for presiseringa av UH-sektorens regionale rolle. På eit meir overordna plan er vi også samde i at berekraft og innovasjon er viktige oppgåver for sektoren. Så desse politiske signala til sektoren ser vi i utgangspunktet ikkje problem med og dei samsvarer også svært godt med strategiplanen for 2022-2030 som Høgskulen i Volda vedtok i desember 2021.

Vi støttar også forenklinga det vil bety at dei nasjonale styringsparametra blir avvikla og ser fram til å kunne bidra i den varsla prosessen når det gjeld kandidatmåltal for blant andre lærarutdanningane.

Når det gjeld utviklingsavtalar er vi samde i at det er fornuftig å samkøyre desse på tvers av alle institusjonar og at å bruke 2022 for å oppnå dette gir eit godt fokus for arbeidet i sektoren

Når det gjeld utviklingsavtalar så kan det virke som at desse skal halde fram. Men vi reknar med at også utviklingsavtalane blir vurderte kritisk ut frå føremål og resultat og at det også bør vurderast å slutte med utviklingsavtalar.

Gitt at ordninga med utviklingsavtalar skal halde fram, så gir det god meining at utviklingsavtalane uttrykker ambisjon og retning på utvikling framfor å nå spesifikke måltal. Det ville ikkje vere logisk å først droppe nasjonale styringsparameter på overordna nivå og så leite dei fram att i utviklingsavtalar. 2-5 mål og ca. 12 styringsparameter i alt framstår for oss som ei klar forenkling og eit passande tal styringsparameter.

Vi merkar oss vidare i 2. c) at blant anna Tilstandsrapporten for høgare utdanning blir vidareført og vil danne eit grunnlag for dialog omkring utviklingsavtalane. Vi håper likevel at det også kan bli gjort ei vurdering av omfang og ambisjonar for Tilstandsrapporten for høgare utdanning. Dette har vorte eit

svært omfattande dokument og delvis går det på bekostning av relevans og oversyn, samtidig som dei fleste institusjonar sikkert vil peike på at det er relevante data som manglar i rapporten.

Vi har vidare positive forventningar til at utviklingsavtalane kan bli meir tilpassa den einsskilde institusjonens særpreg og utviklingsbehov.

På fleire punkt er vi likevel usikre på kva som ligg i forslaget og reknar med avklaringar på slike spørsmål vil vere tema i dei varsla møte med sektoren våren 2022. Her er spørsmåla vi sit med pr i dag:

- I punkt 1. b) inviterer Departementet til at «grupper av institusjonar» kan foreslå felles mål. Vi er usikre på kva som er meint på dette punktet, men går ut frå at dette kan handle om til dømes små språkfag, jf tidlegare diskusjonar i sektoren.
- I Punkt 2. a) Tildelingsbrev og rapporteringskrav blir det skissert ei detaljert årleg oppfølging av måleparameter. På den andre sida blir det forventa berre ca. 2 sider samla omfang på rapporteringa. Vi ser ikkje bort frå at forventninga til 2 siders rapportering kan kome i konflikt med forventninga om detaljert årleg oppfølging, men håper at dei to sidene blir ståande.
- I punkt 2. b) blir det varsla at departementet uavhengig av utviklingsavtalen vil gjere ei risikovurdering av institusjonane med utgangspunkt i tilgjengeleg statistikk og evalueringar. Vi er usikre på kva plan eller område ei slik risikovurdering skal ligge på og håper igjen at dette ikkje tek form av nasjonale styringsparameter i ei ny form, men at risikovurderinga blir klart tematisk avgrensa.

Med helsing
Leiinga

Underskriver 1
tittel

Johann Roppen
Rektor

Dokumentet er elektronisk signert.